

## ***Årsmelding 2019 frå HSV si fylkestingsgruppe (fram til valet)***

Etter valet 2015 var det slik fordeling av SV- folk i utval:

### **Fylkestinget:**

Representant - Aud Karin Oen  
Representant - Marthe Hammer  
Representant - Daniel Charles Hextall  
vara - Einar Horvei  
vara - Birgitte Holmefjord Olsen Skibenes  
vara - Jarle Brattespe  
vara - Torunn Olsnes  
vara - Bror Eivind Eriksen  
vara - Silje Guleng  
vara - Reber Roald Iversen

### **Fellesnemnda**

Representant - Aud Karin Oen  
vara - Marthe Hammer  
vara - Daniel Charles Hextall

### **Fylkesutvalet:**

Representant - Aud Karin Oen  
vara - Marthe Hammer  
vara - Daniel Charles Hextall

### **Miljø og samferdsel:**

Representant - Marthe Hammer (nestleiar)  
vara - Einar Horvei  
vara - Jarle Brattespe  
vara - Silje Guleng

### **Opplæring og helse:**

Representant - Daniel Charles Hextall  
vara - Birgitte Holmefjord Olsen Skibenes  
vara - Torunn Olsnes  
vara - Bror Eivind Eriksen

SV har eit valteknisk samarbeid med posisjonen som består av Ap, Sp og Krf. Det er og ein avtale om å verta einig om budsjett. I praksis har Sv vore fullverdige medlem av fleirtalskonstellasjonen og etter at endringar i MDG og Krf gjorde det slik at Sv si stemme ikkje trongs for å få fleirtal. Eg får attendemelding på at Sv er tydelege og til å stola på og alltid godt førebudd. Eg vågar påstanden om at med Sv i posisjons dei siste fire åra, og med Sv si hand på budsjettet, har politikken endra seg monaleg i rett retning og me har fått mange viktige og naudsynte gjennomslag. Eit lite parti som Sv kan aldri hevda seg på kjøttvekta, då er det berre grundig arbeid, gode forslag og mykje kunnskap som gjer at me vinn fram og lukkast. Sv har synt seg som eit styringsdyktig parti og eg er overtydd om at det er viktig å vera i posisjon trass i dårleg økonomi og lite handlingsrom.

Hordaland fylkeskommune har ein krevjande økonomisk situasjon og inntektene frå staten syner ein nedgang trass i fagre lovnader før fylkessamanslåinga. Dette dreg me med oss vidare i Vestland fylke. Det har ikkje vore rom for mange spenstige forslag utanom budsjettet og det har vore naudsynt å følja med at budsjettvedtak vert oppfylt og gjennomført.

2019 har vore prega av samanslåinga av dei to fylka og av valkampen. Mange vedtak har lagt på vent til det nye fylkestinget. Samanslåingsprosessen har vore underleg. Dei politiske partia som har vore mest mot sentralt har omfamna den lokalt. Berre Sv og Raudt i Hordaland har vore motstandarar. Dei viktige tinga har ikkje vore diskutert, medan logo og namn har overskygga debatten.

## **Opplæring og helse**

Også innanfor opplæring og helse har 2019 vore prega av at Hordaland og Sogn og Fjordane skulle bli til Vestland frå 2020. Det har difor vore lågare trykk på politiske saker sidan mange saker uansett må opp på nytt i det nye fylket.

SV har gjennom heile perioden kjempa for distriktskulane og mot privatskular i Bergen sentrum og har i fleire saker markert motstand mot private skular. Endring frå stykkprisfinansiering til klassefinansiering vart først innkassert som ein SV-siger, men har samstundes gjort det krevjande å oppretthalde små klassar i distriktet.

SV har og jobba systematisk med å betre tilhøva for lærlingar. Gjennom prosjektet "Auka gjennomføring - fleire ut i lære", har fleire fått lære plass og skulane har no ansvar for at elevane får lære plass. Oppfølgingstenesta er styrka for å fange opp elevar med "ukjent bakgrunn" for fråfall og ungdom kategorisert med "ukjent aktivitet". Dette er viktig mellom anna for å fange opp unge med psykiske helseutfordringar.

SV har stilt spørsmål om elevar som reiser ut av Bergen for å gå på skule, for å vise at nærskuleprinsippet ikkje berre gagnar elevar frå mindre stader. Vi ventar framleis på svaret.

## **Miljø og samferdsel.**

Arbeidet i utvalet har vore prega av at det er valår og samanslåing, ikkje minst gjeld dette utvalets kanskje største sak, byvekstavtalan. Forhandlingane har foregått gjennom våren, men endeleg signering vart utsatt til etter valet. SV har vore tydeleg på at vi stiller oss bak byvekstavtalen fordi dette er det viktigaste grepet for å sikre framdrift for bybanen i Bergen. I perioden som SV har vore med i fleirtalskonstellasjonen så har talet på kollektivpassasjerar auka mykje. Bybanen er i ei særstilling i forhold til auka passasjerar med også auken i talet på bussavgangar har medverka til ein god auke også i busspassasjerar. 2019 har vore første året med full drift i sonestrukturen, men det er framleis ikkje tilgjengelege tall for korleis det har gått. Sjølve evalueringa kjem fyrst i 2020. Administrasjonen har også jobba fram ei utgreiing på hurtigbåt til Sotra, men med negativ konklusjon. Denne vart sendt på høyring til fellesnemda i Øygarden og vert å komme attende til. SV sin representant har også i 2019 stilt ei rekke med spørsmål til utvalsmøta, som har medført medieoppslag. I innspurten av valkampen kom sykkelstrategien til Bergen til utvalet og utvalet leverte ein fyldig og konkret tilbakemelding på strategien etter forslag frå SV. Andre saker har vore innføring av AUTO-pass på ferje. SV har stemt for dette, da det stimulerer til samkøyring og enklare reiser.

## **Fylkesutvalet**

Har ansvar på plan/drift/økonomi, i tillegg til særskilt ansvar for næringspolitikk og regional utvikling, difor byr dei månadlege møta på eit breitt spekter av saker. Arbeidet her har stort sett gått som før fram til sommaren. Etter det har det berre vore saker som ikkje kunne venta grunna høyringsfristar og liknande. Det har vore krevjande saker som til dømes Ferde saka. Saka om reduksjon i ferjetilbodet kom før valkampen og skapte mykje mobilisering og

aktivitet frå distrikta. Me landa den sånn nokolunde med å setja inn meir midlar til fleire avgangar enn det administrasjonen føreslo og det roa seg.

### **Fellesnemnda**

I fellesnemnda har førbuinga av fylkessamanslåinga vore hovudfokus. Som einaste Sv ar og motstandar av regionreformen har det vore ei utfordring å transformere vedtak til Sv politikk. Mykje har gått på formelle strukturar og reglement som må på plass. Det har og vorte lagt eit budsjettgrunnlag utan noko bindande vedtak.

Sv har kjempa for at ein ikkje skulle få eit reint karakterbasert inntak den vidaregåande skulen og for nærskuleprinsippet i til siste slutt.

**Fylkestinget.** Aktiviteten i fylkestinget har og vore redusert. Både mars og oktobermøtet var ein dagsmøter. Sommartinget gjekk som vanleg. Å nemna her er at fylkestinget gjekk for eit godt vedtak når det gjaldt vindkraft. Bompengesaka har hatt breitt fokus i dei politiske utvala og enda med at ingenting fekk fleirtal i fylkestinget i juni. Sv kom greitt i frå denne debatten som var krevjande inn i valkampen.

### **Interpellasjonar/spørsmål/fråsegn:**

Aud Karin:

fråsegn: «Kvinnehelse og barselsomsorg er viktig.» samrøystes

fråsegn «Støtte til dei streikande i sjukehusa for pensjon frå første krone». Vedteken mot H,FRP,V og tre frå Krf

Marthe: «Naturtap i stort tempo», vedteken

Aud Karin Oen  
gruppeleiar